
Saksnr: 2020/73147-13
Saksbehandlar: Eva Margaretha Ørmen
Vinjevoll

Ikkje offentleg: jf. offl. § 26 2. ledd, tildelt utmerking

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Trafikktryggingsutvalet		16.11.2020

Trafikktryggingsprisen for Vestland 2020

Forslag til vedtak

1. Trafikktryggingsprisen for Vestland 2020 delast ut til ...

Samandrag

I FTU Vestland sitt budsjett for 2020 er det sett av 50 000 kr til å heidre nokon som engasjerer seg for ein tryggare kvardag for innbyggjarar i Vestland fylke gjennom ein trafikktryggingspris. Trafikktryggingsprisen skal delast ut til nokon som har utmerka seg i trafikktryggingsarbeidet i fylket, og prisen kan delast ut til både einskildpersonar, lag og organisasjonar.

Både FTU Hordaland og FTU Sogn og Fjordane har delt ut trafikktryggingsprisar tidlegare. Dette vert vidareført i Vestland fylke. Prisen er på 50 000 kr, diplom og blome og skal annonserast på trafikktryggingskonferansen den 20.november 2020.

Innbyggjarane i Vestland fylke har blitt invitert til å nominere kandidatar. Det er kome inn forslag om sju kandidatar. Medlemar i FTU Vestland kan også fremje egne kandidatar i møtet.

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

I FTU Vestland sitt budsjett for 2020 er det sett av 50 000 kr til å heidre nokon som engasjerer seg for ein tryggare kvardag for innbyggjarar i Vestland fylke gjennom ein trafikktryggingspris. Trafikktryggingsprisen skal delast ut til nokon som har utmerka seg i trafikktryggingsarbeidet i fylket, og prisen kan delast ut til både einskildpersonar, lag og organisasjonar.

Både FTU Hordaland og FTU Sogn og Fjordane har delt ut trafikktryggingsprisar tidlegare. Dette vert vidareført i Vestland fylke. Prisen er på 50 000 kr, diplom og blome og skal annonserast på trafikktryggingskonferansen 20.november 2020.

Vedtakskompetanse

Fylkestrafikktryggingsutvalet har i følgje reglement for folkevalde organ og delegering avgjerdsmynde til å tildele trafikktryggingsprisen.

Vurderingar og verknader

Økonomi: I FTU sitt budsjett er det sett av 50.000 kr til trafikktryggingsprisen

Klima: Ikkje relevant

Folkehelse: Trafikktryggingsprisen skal stimulere til trafikktryggingsarbeid i heile fylket, noko som er viktig for at fleire skal bevege seg og kunne delta i samfunnet

Regional planstrategi: Ikkje relevant

Konklusjon

Innbyggjarane i Vestland fylke har blitt invitert til å nominere kandidatar. Det er kome inn forslag om sju kandidatar. Medlemar i FTU Vestland kan også fremje eigne kandidatar i møtet. Trafikktryggingsprisen skal delast ut til nokon som har utmerka seg i trafikktryggingsarbeidet i fylket, og prisen kan delast ut til både einskildpersonar, lag og organisasjonar.

Dei som har blitt nominert av innbyggjarane i Vestland er

3.klasse i ved Skogsvåg skule

Ungane har stort fokus på å bruke refleksvestar. Dette har dei vore flinke til heilt sidan 1.klasse.

Ungdoms- og idrettslaget Stølen, Øygarden

Utanfor ungdoms- og idrettslaget Stølen har det i lang tid vore ein trafikal situasjon som har blitt opplevd som trafikkfarleg med dårleg sikt. Laget har i lang tid jobba med å samle inn pengar til å kjøpe areal og utbetre avkøyrsele til klubbhuset. No blir avkøyrsele og parkeringsplassen utbetra, samt at det kjem på plass autovern.

Christian Rolland

Christian er ein lokalpolitikar med stort engasjement for trafikktryggingsarbeid. Fanesaker har vore Trygg skuleveg og prosjektet *Hjertesone*. Han stiller ofte i lokalaviser for å setje fokus på trafikktryggleik og aksjonerer på «Refleksens dag». Han har i tillegg kjempa for at dei med trafikkfarleg veg skal få rett til skuleskyss.

Reidun Waag

Reidun er rektor ved Kjøkkelvik skule og har engasjert seg for å få på plass ein trygg kvardag for barna ved skulen. Skulen har ein trafikkert veg som går mellom storskulen og småskulen. Om morgonen kan vi sjå rektor saman med andre lærarar og foreldre ved fotgjengarovergangane for å stoppe trafikken når barna skal krysse vegen. Ho har ved fleire anledningar stilt opp i aviser for å setje fokus på trafikktrygging i området.

Anita Vabø

Anita er rektor ved Landro skule. Kvar dag vert elevar møtt av synlege vaksne med refleksvestar utanfor skulen. Rektor har sjølv stått ute og tatt i mot imot elevar mange gonger. Elevane får gode haldningar, blir minna på å nytte refleks og hjelm.

Anne-Beth Njærheim

Både i jobbsamanheng og privat har ho oppmuntra og minna born, unge, vaksne og eldre om kor viktig det er å bruke refleks. Ho har også stått i bresjen for Bømlo kommune sitt arbeid for å bli trafiksikker kommune, og å få si regodkjenning.

Silje Sletteland

Silje køyrer mykje bil i jobben sin der ho skal heim til dei eldre i kommunen. Ho køyrer alltid etter fartsgrensene og bruker bilbelte.